

Gamle Norig

Taake

Gamle Norig, nørdest i grendom,
er vårt eget ættarland.
Der er hav, som heilt åt endom
leikar um den lange strand:
der er vikar og votn og øyar,
tusund fjordar og tusund fjell,
snøydor, der sjeldan snjoen tøyar,
dalar, der fossen diger fell.

Leid er vel den lange vetter,
endå grøn vår granskog stend,
og når lauv i lidom spretter,
fagre leter fær vår grend.
Store dagar og stutte næter
lida lett om den ljose jord;
strand og fjord og fjell og sæter
skiner av sol frå sud og nord.

Born av deim, som bygde landet,
er på tuftum endå til;
garden stend i gamle standet,
bygd og bøtt som bonden vil.
Van til møda, meir en til kjæla,
leikar lyden på land og sjo.
Giv han sitje med sømd og sæla
trutt på tuftom i trygd og ro!